

Ole Vig er trolig den mann fra Stjørdal som har satt største historiske og nasjonale spor etter seg. Han hadde tette bånd til både Ibsen og Wergeland, og var selv visjonær, dikter, folkeopplysningsmann og lærer («lærerstandens far»).

Det står en statue av Ole Vig utenfor rådhuset på Stjørdal (Ole Vigs plass) med informasjon om hans liv og virke («Såmannen»). Vi har senere høstet av hans kunnskap. På Vikanlandet, hans fødeplass, er det reist en stor bauta. Videregående skole i Stjørdal heter Ole Vig vgs., Kimen Kulturhus har hans navn og ord flere steder, og byer som Oslo og Kristiansund har gater oppkalt etter Ole Vig. Hovedgata i Stjørdal sentrum heter også Ole Vigs gate.

Ole Vig manet folk om å tenke stort. Vi er sikker på at et Landsskytterstevne uansett hvor i landet ville være en stor tanke og et mål ambisiøst nok også for Ole Vig. Ole Vig er den mannen fra Stjørdal som burde pryde halen på et av flyene til Norwegian, en strateg og helt av sjelden kaliber. Ole Vig siktet høyt og godt, akkurat som LS-deltagerne.

Ole Vig var født på Vikmarka, ein husmannsplass i Stjørdal, 6. februar 1824. Faren var ein traust arbeidskar, ein klok og real mann. Mora var særst gåverik. Begge var religiøse. Ole hadde ei søster, Nikoline, og to brøyr som begge døde som små. Ole utmerka seg i skulen og ved konfirmasjonsførebuinga som særst gløgg og lærenem. Seinare fekk prosten Widerørdna med at Ole kom til Klæbu Seminar, som var det pedagogiske sentrum i Noreg på den tida.

Første lærarposten til Ole var ein huslærarpost hjå prost Magelsen i Åfjord, 19 år gamal. To år seinare kom han til Kristiansund, først i almueskulen og seinare i borgarskulen. Ole fekk innsyn i Grundtvig sine skrifter og dei gjorde inntrykk på han. Ole reiste rundt på møte i bygd og by og starta lærarlag. Det er ikkje utan grunn at han har vorti kalla «lærerstandens far».

Etter at Wergeland døde i 1845 var det Ole Vig som var den store folkeføraren på det kulturelle området her i landet. Ole Vig tok til å skrive og i 1851 kom den første boka «Liv i Norge». Nokon stor diktar var ikkje Ole Vig. Mest kjent er diktet: «**Blandt alle lande i øst og vest**». Dette er en sang de fleste kjenner.

I 1851 reiste han til Danmark for å møte Grundtvig. Turen styrkte han i draumen om ei norsk folkehøgskule. Det fekk han dessverre ikkje oppleve, då den første folkehøgskula vart ein realitet først 7 år etter at Ole Vig var død. Hausten 1854 flytta han inn i huset til Wergeland i Pilestredet i Oslo.

Ole Vig døde 19. desember 1857 i Hjerterum, 33 år gamal. Han vart gravlagd på Vår Frelzers Gravlund på sjølvaste julekvelden 1857. Ved siden av Ole Vig er Henrik Wergeland og Camilla Collett gravlagt.

Hvert år deles det ut **Ole Vig-pris** i Stjørdal. Prisen skal gå til ein ungdom mellom 20 og 35 år som har gjort ein framifrå kulturell innsats i Ole Vigs ånd. Det gjeld ungdommar frå heile landet utan omsyn til politisk oppfatning. Ein Ole Vig-prisvinnar må ha gjort ein meir enn vanleg god innsats innanfor eitt eller fleire av desse områda:

- **Folkeopplysningsarbeid**
- **Kunst**
- **Kulturarbeid medrekna idrett**

Tidlegare vinnarar av Ole Vig-prisen		
2017: Leo Ajkic	2007: Torunn Avelsgaard Lien	1993: Bjørn Førde
2016: Agnete Johnsen	2006: Einar Olav Larsen	1992: Mari Boine
2015: Helene Storstrøm Auset	2005: Inga Dalsegg	1991: Astrid Skogset
2014: Endre Skjåk	2004: Odd Nordstoga	1990: Per Åsmund Omholt
2013: Gjermund Larsen	2003: Margreth Olin	1989: Kjærsti Evjen
2012: Cecilia Dinardi	2002: Jon Hustad	1988: Frederic Hauge
2011: Ingrid Storholmen	2001: Øystein Sonstad	1987: Jan Kløvstad
2010: Håvard Kalseth	2000: Silje Vallestad	1986: Jostein Krogglund
2009: Maria Parr	1999: Ole Reinlund	1985: Torvald Sund
2008: Alfred Fidjestøl	1998: Herborg Kråkevik	1984: Per Oddvar Hildre
	1997: Loveleen Kumar	1983: Berit Aunli
	1996: Susanne Lundeng	1981: Olav Ryan
	1995: Heidi Sørensen	1979: Geir Egil Larsen

<https://olevigprisen.wordpress.com/>